

BTI handlingsretteljar - sjekkliste

Namn: _____

Nivå 0: Oppdage og utforske	Utført	Ikkje utført
1. Oppdage og utforske Uro betyr her observasjonar eller hendingar som fører til ei uro knytt til barns helse, trivsel eller livssituasjon. Uro ein får ut frå observasjonar eller hendingar kan gjere det naudsynt å undersøke situasjonen nærare.		
2. Konkretiser uroa Uroa skal dokumenterast i ein skriftleg logg. Konkretisering betyr å finne svar på spørsmål som kan underbyggje eller avkrefte ei uro. Under finn du verkyt som kan være til hjelp.		
3. Del uro "Del uroa" betyr at du skal dele observasjonane dine. Vurder kven du skal dele uroa di med. Informasjonen skal tilpassast mottakaren og teieplikta skal ivaretakast. Barnet/ungdommen, Kollega i eiga avdeling, Føresette, Næraste leiar		
4. Avklar uro Er det grunnlag for å gå vidare med det du er uroa for? Vurderer behovet for vidare oppfølging. Om du er i tvil kan du diskutere uroa med din nærmaste leiar. Leiar kan kan og drøfte uroa med andre instansar som helsesjukepleiar, PPT og barnevern o.l. på NN-nivå (anonymisert). Behov for vidare oppfølging? Gå vidare til nivå 1		
5. Avslutt saka Dersom saka løyser seg gjennom samtale med dei involverte og det ikkje er grunnlag for vidare oppfølging, skal saka avsluttast.		

Nivå 1: Tiltak i eiga teneste	Utført	Ikkje utført
1. Møte med barn/føresette Inviter til møte med barnet/ungdommen/føresette der du deler dine observasjonar og di uro så snart som råd. Skap ei felles forståing kring situasjonen saman med barnet/ ungdommen/føresette. Avtal tiltak i heim og i aktuell teneste. Avtal tidspunkt for evalueringsmøte.		
2. Sett i verk tiltak Avtalte tiltak vert sette i verk og gjennomført på aktuell arenaer. Dokumenter ved logg kva som vert gjort i eige fagsystem eller i kommunen sitt arkivsystem. Førebud evalueringmøte. Hugs at barnet har rett til å seie si meining i alt som handlar om det, og at barnet sine meiningar skal leggast vekt på. Avklar kven som har ansvar for å snakke med barnet/ungdommen i forkant av evalueringa, for å få vedkomande si eiga oppleving av endring.		
3. Evalueringmøte - avklar vegen vidare Gjennomfør evalueringmøte der alle involverte partar drøftar i kva grad tiltaka har ført til at barnet/ungdommen sin situasjon har endra seg. Få med barnet si oppleving av endring. På bakgrunn av evalueringa de har gjort, fatt ei avgjerd om vegen vidare. Dokumenter ved logg evalueringa i eigne fagsystem. Referat frå møtet skal delast med alle deltakarar.		

Nivå 2: Samarbeid med fleire	Utført	Ikkje utført
1. Samarbeidsmøte Leiar ved den tenesta som tek saka vidare til nivå 2 har ansvar for møteinnkalling, møteleiing og skal avklare kven som er referent på første møtet. Mål for møtet: At barnet/ungdommen/føresette og involverte tenester koordinerer innsatsen slik at alle arbeider etter felles målsettingar og er kjent med kvarandre sin innsats.		
2. Sett i verk tiltak Gjennomfør avtalte tiltak på aktuelle arenaer. Bruk eigne fagsystem til dokumentasjon. Førebud evalueringmøtet. Avklar kven som har ansvar for å snakke med barnet/ungdommen i forkant av evalueringa, for å få vedkomande si eiga oppleving av endring.		
3. Evalueringmøte og avklar vegen vidare Gjennomfør evalueringmøte der alle involverte partar drøftar i kva grad tiltaka har ført til at barnet/ungdommen sin situasjon har endra seg. Få med barnet si oppleving av endring. Dokumenter ved logg evalueringa i eigne fagsystem. Referat frå møtet skal delast med alle deltakarar. På bakgrunn av evalueringa som er gjort, fatt ei avgjerd om vegen vidare		

Nivå 3: Langvarig koordinert samarbeid	Utført	Ikkje utført
1. Etabler kontakt mellom relevante tenester Leiar ved den tenesta som tek saka vidare til nivå 3, står for møteinnkalling, møteleiing og møtetreferat i første møtet. Primærtjeneste og barnet/ungdommen/føresette presenterer problemstillinga for dei andre tenestene. Behov for koordinator og ansvarsgruppe må vurderast. Ved oppretting av koordinator, vil den ha vidare ansvar for møteinnkalling, møteleiing og kven som skal skrive referat. Behov for å opprette ein individuell plan som verkyt for det tverrfaglege samarbeidet må vurderast. Avklar ansvarsoppgåver i den vidare oppfylginga.		
2. Ansvarsgruppemøte - planlegg mål og tiltak Aktuell teneste lagar eit eller fleire mål/delmål i samarbeid barnet/ungdommen/føresette. Ansvarsgruppa planlegg tiltak ut i frå mål/delmål som er laga. Avtal tid og inviter til nytt møte.		
3. Sett i verk koordinerte tiltak Avtalte utgreiingar/undersøkingar/tiltak vert sett i verk og gjennomført på aktuelle arenaer. Bruk samhandlingsverktøyet Visma Flyt Samspel til individuell plan for å samarbeide og dokumentere på nivå 3 - langvarig koordinert samarbeid.		
4. Evalueringmøte og avklar vegen vidare Gjennomfør eit evalueringmøte der de evaluerer den tverrfaglege innsatsen og om barnet sin situasjon har endra seg som følgje av dei koordinerte tiltaka. Barnet/ungdommen og føresette si oppleving skal vere ein del av evalueringa. På bakgrunn av evalueringa de har gjort, fatt ei avgjerd om vegen vidare.		